

Etikk for livet

Bryne kyrkje, 29. januar 2017

Tom Hetland

Takk for invitasjonen!

Det er litt spesielt for meg å stå her i kveld. Eg er ikkje så ofte i kyrkja. Eg reknar meg ikkje som ein personleg, eller truande kristen. Skal eg plasserast i ein bås, må det vera som agnostikar, for om eg ikkje sjølv trur, så avviser eg ikkje trua. Ein kristen student på evangelisering spurde meg ein gong: «Trur du at Jesus lever?» Eg måtte seia som sant var at det interesserer meg ikkje så mykje om Jesus er ein guddom, om han stod opp frå dei døde og for opp til himmelen, eller om han gjekk på vatnet. Det som er viktigast for meg, er kva han sa og gjorde, og kva som står att etter han.

Nyleg vart det gjort ei meiningsmåling med spørsmålet: Er Norge eit kristent land? Det vart slått stort opp at berre 42 prosent svara ja, 34 prosent nei, resten veit ikkje. Eg ville nok også høyrte heime i veit ikkje-gruppa, der eg elles sjeldan er. Det spørst korleis spørsmålet blir tolka. Det er ikkje eit fleirtal av aktivt truande her i landet, men at Norge høyrer heime i ein kristen tradisjon, er det heller ikkje tvil om, sjølv om det er slutt på statskyrkja. Og det er også ein kulturell tradisjon eg reknar meg som ein del av, og har rett til å vera ein del av. Derfor står eg framleis i kyrkja. Og eg stemmer ved kyrkjeval.

Nå før jul fekk me igjen opp ein diskusjon om julegudstenester på skulane. Eg synest det er trist og ganske provoserande. Sjølv sagt bør barna få oppleva ei julegudsteneste! I folkekyrkja, og gjerne i ei katolsk eller ortodoks kyrkje og. Dei bør også få besøka ein moske og ein synagoge, og for den saks skuld eit møte i Human-etisk forbund.

Ganske mange i vårt samfunn har utvikla ein berøringsangst for religion og livssyn. Det er uheldig. Eg er på line med Stålsett-utvalet, som vil utvikla det livssynsopne samfunn, der ulike religionar og livssyn er synlege og lever side om side i det offentlege rommet. Slik må det vera om me skal kunna forstå og handtera det moderne, fleirkulturelle samfunnet. Eit sekulært samfunn som

det norske er eit unntak i verda. Dei aller fleste stader er religionen meir nærverande enn hos oss. Og det er ingen automatikk i at modernisering er lik sekularisering.

Det er mange fellestrekk i den etiske tenkinga i ulike religionar, filosofiar og ideologiar. Dei kan oppsummerast i den gylne regelen: Alt det du vil at andre skal gjera mot deg, skal du gjera mot dei. Eller i filosofen Immanuel Kants kategoriske imperativ: Du skal handla slik at gjerningane dine kan tena som ei allmenn lov. Sjølv Arnulf Øverland, som ikkje var nokon ven av kristendommen, hadde sin vri på den gylne regelen: «Du skal ikke tåle så inderlig vel, den urett som ikkje rammer deg selv». Handballgutane har eit kamprop: «ubuntu!» Det er eigentleg ein afrikansk filosofi om korleis me skal leva saman i eit godt samfunn. Nelson Mandela forklarte det med dette eksemplet: «Om ein reisande gjennom landet vårt stoppa ved ein landsby, ville han ikkje måtta spørja etter mat eller vatn. Med ein gong han stoppa, ville folket gi han mat og anna som han trong.» Det minner om den bygdenorske moralen som Olav H. Hauge skildrar i diktet om Osa-mannen som gav ein framand båtskyss over fjorden. Mannen baud han pengar, men Osa-mannen ville ikkje ha: «Eg vil betala; eg kan ikkje nå deg med ei beine att. So gjer ein annan mann ei beine då, sa Osamannen, og skauv ifrå.»

Me kan alltid leita etter forskjellar mellom religionar og livssyn. Dei finst, også internt i kvar religion. Då eg var i Skottland for første gong, vart eg overraska over skilt i parkane som åtvare om at det var strengt forbode å driva sport på søndagen. Ein skotsk sprinter og seinare misjonær, Eric Liddell, gjekk truleg glipp av ein olympisk medalje i Paris i 1924 fordi løpet gjekk på ein søndag, og forbaud samvitet han å stilla opp. Her til lands, spesielt på Jæren, har me tenkt meir praktisk på det, som bonden som droppa gudstenesta for å få kornet i hus. Då presten ymta om at han hadde sakna han i kyrkja, var svaret: «Eg tenkte det var betre å vera i åkeren og tenkja på Gud enn å sitja i kyrkja og tenkja på åkeren.»

Etikken endrar seg også. Mange, sikkert også her i kyrkja, har eit anna syn på alkohol og homofili enn for 20-30 år sidan.

Men viktigare enn å dyrka slike forskjellar, er det å leita etter fellestrekk og skapa alliansar mellom menneske som tenkjer etisk. Samfunnsutviklinga gjer at

me står overfor store utfordringar og dilemma på det etiske området, og det kan få alvorlege konsekvensar om me ikkje finn gode svar på dei.

For det første: Utviklinga innan bioteknologien opnar for at me kan kurera fleire sjukdommar enn før, men også for eit meir brutalt sorteringssamfunn. Me kan velja vekk menneske me ikkje vil ha, me vil bli i stand til å designa menneske med ønska eigenskapar. Kva perspektiv opnar det?

For det andre: Robotteknologi og kunstig intelligens er i rask utvikling. Siste nummer av Morgenbladet har ein reportasje med temaet «Etter mennesket», der spørsmålet blir stilt om mennesket har hatt si tid, og robotane vil ta over. Om ein ikkje ser så dramatisk på det, så spår i alle fall Statistisk sentralbyrå at ein tredel av dagens jobbar kan vera borte om 7-8 år. Kva skjer når stadig fleire menneske blir overflødige? Valet i USA er kanskje ein indikasjon. Og me får nye etiske dilemma. Eit menneske går ut i vegen framfor ein sjølvkøyrande bil. Skal bilen programmerast til å køyra på mennesket, eller køyra utfor vegen med fare for livet til dei som sit inne i bilen?

For det tredje: Kommunikasjonsteknologien har gjort det lettare å kommunisera med kvarandre og ytra seg, men han har også ført med seg truslar mot personvernet, og spreiding av trakassering og falske nyheiter på nett. I staden for å ta inn eit mangfald av impulsar lukkar mange seg inn i ekkokammer, eller informasjonssiloar, der dei berre får stadfesta dei synspunkta, ofte ganske forskrudde, som dei hadde frå før.

For det fjerde: Marknadssamfunnet, kjøp og sal, trenger inn i stadig fleire krokar av livet vårt. Kva gjer det med oss som menneske når me i stadig fleire samanhengar blir definerte som «produkt» eller «målgruppe»?

For det femte: Klimaendringane og andre miljøutfordringar set oss på nye prøver, ikkje minst me i oljelandet Norge. Kor etisk er det å forbruka ein ikkje-fornybar ressurs på nokre få tiår, ein ressurs som samtidig medverkar sterkt til ei global oppvarming som trugar livsvilkåra for andre?

For det sjette: Det globaliserte samfunnet gjer at konflikhtar andre stader i verda også meir enn før vedgår oss: flyktningar, terrorisme, brot på menneskerettar. Kor langt går vår plikt som medmenneske? Og med Irak,

Afghanistan og Sør-Sudan som eksempel må me også spørja: Risikerer me i vårt ønske om å gripa inn å gjera meir vondt enn godt?

Det finst ikkje eintydige svar på alt dette. Jesus var ikkje på nett, og det står ikkje noko om robotar og kunstig befruktning verken i Bibelen eller Koranen. Men me må ta diskusjonane på tvers av religionar og livssyn, og me kan alle læra av kvarandre.

Så kan ein spørja: Er religiøs tru nødvendig for etikken? Er det slik, som enkelte har sagt, at når Gud forsvinn, så forsvinn også moralen? Eller som Ivar Aasen sa: «Ja, vesle vitet det strekk ikkje til, ei tru må stydja oppunder».

Eg trur me skal vera forsiktige med å dra bastante konklusjonar. Det er ikkje tvil om at religion for mange er til hjelp som etisk kompass, og som inspirasjon til å leva eit godt og moralsk liv. Mange kjenner Leo Tolstojs historie om den fromme skomakaren Adjevitsj, som så gjerne vil møta Jesus for å få hjelp til å gjera det gode. Ein kveld høyrer han ei stemme som seier at «i morgon kjem eg til deg». Neste dag gir han mat og varme til ein forfrosen gamling, sko og sjal til ei fattig kvinne med eit lite barn, og han forlikar ein gut og ei kone som guten hadde stole eit eple frå. Han er skuffa over at Jesus ikkje kjem, men om kvelden høyrer han på ny stemma som seier: «Eg var hos deg i dag, Adjevitsj, i alle desse menneska. Det du gjorde for desse, det gjorde du også for meg.»

Slike forteljingar finst i andre religionar og. Nyleg las eg ein artikkel av muslimen Mina Bai, som fortalde korleis ho vaks opp med enkle moralske historier i heimen sin, om korleis ein sann muslim alltid snakkar sant, og at ein aldri skulle kasta brød, men samla det opp og gi det til dei fattige.

Men religiøs tru kan også gjera det lettare å gjera det vonde. Få menneske maktar å gjera grufulle gjerningar mot andre menneske på eiga hand. Heldigvis. Det meste av slike gjerningar blir utført på vegner av noko som mennesket oppfattar som større enn seg sjølv: nasjonen, ideologien, klassen, rasen – eller trua. Og det er ofte frykt som står bak, frykt for at det ein trur på, der ein har sin identitet og fellesskap, er i dødeleg fare.

Så er det også slik at religion som får verdsleg makt, står i fare for å bli korrumpert av grådighet og maktlyst. Då kyrkja var på høgda av si makt, var ho ikkje noko eksempel til etterfølging. I boka Dekameronen av Boccaccio, skriven

på 1300-talet, har han ei historie om to kjøpmenn i Paris, ein kristen og ein jøde. Den kristne prøver stadig å omvenda jøden Abraham til kristendommen, men han er standhaftig og står imot. Men så reiser Abraham ein tur til Roma, og når han kjem tilbake, fortel han at han vil la seg døypa. «Når eg ser det syndige livet som paven og kardinalane fører, stod det klart for meg at kristendommen er den sanne trua. For korleis kunne ho elles overleva og ha framgang når ho er styrt av slike folk?»

I år feirar me 500-årsjubileum for Luther og reformasjonen. Han protesterte mot mykje av det same som Boccaccio harsellerte med, mot avlatshandelen og korrupsjonen i kyrkja. Han såg seg nok som ein tempelreinsar som ville berga kyrkja frå dei dårlege tenarane. Men samtidig utløyste han ein hundre år lang katastrofe. Religionskrigane på 1500- og 1600-talet er eit av dei mørkaste kapitla i Europas historie. Millionar av menneske vart drepne i krigane, titusenvis vart brende på bål som hekser eller kjettarar. Fanatiske leiarar skapte religiøse terrorsamfunn som kan samanliknast med våre dagars IS eller Saudi-Arabia.

Ingen religionar eller ideologiar er immune mot å gå av skaftet på denne måten. Innan hinduismen er det sterke normer mot å ta liv, også av dyr. Likevel var det ein fanatisk hindunasjonalist som drap ikkje-valdsforkjemparen Gandhi.

Me skal vera forsiktige med å seia at nokon religionar eller ideologiar er meir fredelege eller blodtørstige enn andre. Historiske omstende er avgjerande, og alle har hatt blodige periodar med stor brutalitet. Den som trur, enten på eit religiøst eller verdsleg tankesystem, må vera klar over dette, og på vakt mot at trua blir brukt til å legitimera det vonde. I tider då enkelte dyrkar forestillingar om «sivilisasjonskrig» og liknande, er det særleg viktig.

Likevel, finst det noko spesielt som kristendommen kan tilby, i den store etiske samtalen?

Ein av mine favorittskribentar er Bjørn Stærk. Han har sin eigen blogg og er fast skribent i Aftenposten. Han har bakgrunn frå eit kristentkonservativt miljø, men reknar seg nå som ateist. Men han er uvanleg open i si tilnærming til både religion og andre samfunnsspørsmål. Som han seier: Det ville vera dumt å tru at ein ikkje har noko å læra av dei som trass alt har sysla med etiske og moralske spørsmål i 2000 år. I boka «Å sette verden i brann. En ateist skriver om Jesus»,

dreg han kanskje overraskande fram syndsogrepet som det viktigaste bidraget som ikkje-truande kan henta frå kristendommen.

I den offentlege debatten er det gjerne to hovudsyn på det vonde. Nokre ser det som utslag av enkelte menneskes ibuande vondskap. Det er gjerne på den autoritære høgresida at dette synet er vanlegast, mens venstresida hellar til at det vonde er resultat av urettferdige samfunnsforhold, og at mennesket er grunnleggjande godt.

Synsogrepet representerer ei annleis tilnærming, meiner Stærk. Synd, jamvel arvesynd, legg til grunn at mennesket er skrøpeleg og gjer ting det veit at det ikkje bør gjera, men at det finst tilgjeving og frelse for den som angrar.

Biskopen i Bjørgvin, Halvor Nordhaug, skreiv i ein artikkel nyleg at han trudde Luthers viktigaste bodskap til ungdommen i dag ville ha vore å senka skuldrane. Mange unge opplever å bli møtt med stigande forventningar om å lykkast med skule, karriere, utsjånad og sosial status. Summen av alt dette kan lett opplevast som nådelause krav der ein kjem til kort. Men «livets mening finnes allerede og er gitt deg som gave. Gud vil bære deg, gi deg tilgivelse for dine feilgrep og et liv i fellesskap med ham som varer også etter døden,» skreiv biskopen.

Uansett kva ein måtte meina om det siste, har både Stærk og Nordhaug interessante perspektiv. Me må spørja om vår tid, i all sin humanisme, eigentleg er strengare mot menneska enn før? Me høyrer frå lærarar og legar om unge som får psykiske problem av kravet om å vera perfekt. Toleransen for feiltrinn synest å vera mindre. Kravet om strengare rutinar, meir kontroll og hardare straffer sit laust. Teknologien har gitt oss eit lengre minne, på godt og vondt. Nakenbildet du sende i ein augeblinks lettsinn, eller dommen du fekk for eit feilgrep i ungdommen, kan nå hentast fram på få sekund av ein søkemotor. Noko av det som eg synest var vanskelegast i mi tid som Aftenblad-redaktør, var når menneske bad om å få artiklar sletta frå det elektroniske arkivet vårt. Dei hadde saker som dei prøvde å leggja bak seg, men som nå kunne forfølgja dei resten av livet. Eg hadde ofte stor sympati med dei, samtidig som me ikkje kan gjera som i Sovjetunionen og retusjera vekk historia. Men me kan læra noko av kristendommen om anger og tilgjeving, og at mennesket kan venda om.

Ein av dei romanane som gjorde størst inntrykk på meg i unge år var «De elendige» av Victor Hugo – «les Miserables», som det heiter i musikalversjonen. Den handlar om straffangen Jean Valjean, som blir sett fri på prøve og røvar sølvtøyet frå ein biskop som har gitt han mat og husly. Han blir fanga av politiet, men biskopen bergar han ved å seia at det var ei gåve. Denne tillitsbevisninga blir eit vendepunkt for Valjean, som nå viar livet sitt til å gjera det gode. Men fordi han eigentleg har brote vilkåra for lauslatinga, blir han stadig forfølgd av den nidkjære politiinspektøren Javert. Til slutt, etter at Valjean også har berga livet til Javert, innser politimannen at han i sin fariseiske lovtrældom eigentleg har kjempa mot det gode, og han finn ikkje nokon annan utveg enn å drukna seg i Seinen.

Den tyske filosofen Habermas snakkar om «systemverda» og «livsverda». Det er neppe tvil om at systemverda, med sine lovar, reglar, rutinar og byråkratar, har vore på frammarsj i seinare år. Eit skrekkeksempel på kor ille det då kan gå, kan de sjå i filmen «Jeg, Daniel Blake», som for tida går på kino.

Men etiske dilemma kan ikkje løysast ved å setja rett kryss på eit skjema. Det er i livsverda, mellom oss ofte skrøpelege menneske som slitst mellom det vonde og det gode, at det må skje. Og der kan me alle gi eit bidrag, uansett kva me trur finst over jorda og bak døden.